

## Søknad om dispensasjon frå kilometergrensa for skuleskyss på grunn av farleg skuleveg.

Bergsvika 29.11.15

Viser til tidlegare innsendt innspel til kommunen si revidering av trafikksikringsplan, der fleire foreldre i området kring busstoppet i Bergsvik-krysset gjekk ilag og signerte eit skriv. Vi tok der opp at desse borna bør få innvilga dispensasjon frå kilometergrensa, på grunn av farleg skuleveg, som eit alternativ til kostbare utbetringar for å trygga skulevegen deira. Vi vart i svar av 18.11.15 frå arbeidsgruppa som arbeider med trafikksikringsplanen, underteikna kommuneingeniør, Hilde Hardang, oppmoda til å søkje om dispensasjon frå kilometergrensa etter Opplæringslova, på grunn av farleg skuleveg.

Vi søker difor med dette om dispensasjon frå kilometergrensa for alle elever som bur i Bergsvik/Lerøyvegen, som har busstoppet i Bergsvik-krysset som sitt næraste busstopp.

Vedlagt ligg kopi av likelydande brev som vi sendte kommunen i samband med revideringa av trafikksikringsplanen, ettersom dette brevet er signert av foreldregruppa, samt kopi av svar vi fekk frå kommuneingeniør, Hardang.

### Avstand til skulen:

I umiddelbar nærhet kring busstoppet i Bergsvik-krysset bur det etterkvart ein god del skuleborn, og nokre kommande skuleborn i næraste framtid (omlag 15 born totalt). Desse borna har ikkje gratis skuleskyss, då dette området ligg akkurat såvidt innafor 4-km grensa. For enkelte av desse borna snakkar vi om 29 meter (!), for at dei skulle hatt rett til fri skuleskyss, og for dei som bur like ved busstoppet kanskje eit par hundre meter. For å illustrere kor nærre km-grensa ein faktisk er, kan vi nevne at to søsken som er bussett i Bergsvika 2 (20 m frå busstoppet), ein 3. klassing og ein 5. klassing, fekk ulikt resultat på **geografisk søknad** om skuleskyss-kort førre skuleår (2014/2015). Den eine (5. klassingen) fekk innvilga fri skuleskyss, og den andre (3. klassingen) fekk ikkje. Forklaringa vi fekk frå fylket var at dette måtte vere feil, at 5. klassingen nok heller ikkje skulle fått det innvilga, og at dei ville syta for at han ikkje fekk det neste skuleår.

### Farleg skuleveg:

Vi meiner at skulevegen til ungane frå Bergsvik er særleg farleg, og tør ikkje sende ungane våre gåande lags denne vegen, særleg vinters dagen. Frå Bergsvik-krysset og til kyrkja er vegen svært smal, det er ikkje gangfelt, det er dårleg belysning og dårleg sikt. Når det kjem snø om vinteren, er det desto smalare og farlegare for ungane å gå denne strekninga til og frå skulen. Vegen frå Lerøy/Bergsvik er rimeleg trafikkert, og bilane kjører fort. Dei minste borna er særers umodne i trafikkbildet, og det er små marginer før eit barn havner under hjula på ein bil, eller på bussen frå Lerøy, som også passerer denne strekninga kvar morgon.

Det er i dalen ned mot kyrkja og opp igjen berre eitt einaste gatelys i bunnen av bakken. Dette gjer at særleg denne strekninga er bekmørk vinterhalvåret.

Når borna har passert kyrkja, har dei fin gang og sykkelveg, men det er fleire særers farlege krysningspunkt også på denne strekninga. Ved rundkjøringa ved avkjøring mot Sævrøy, må borna krysse to kjørebane. Her er det ikkje overgangsfelt og ikkje lysregulering. Her er det også godt trafikkert både morgon og ettermiddag, både med ferjetrafikk, og trafikk til og frå øyane.

Den neste plassen borna må krysse vegen, er ved samfunnshuset. Der er det, igjen, ingen overgangsfelt, og trafikken er tett og jamn om morgonen, samt om ettermiddagen når dei skal heim att.

I tillegg er det ikkje overgangsfelt i kysset ved avkjøring til Solesjøen. Eit kryss som også er svært trafikkert like før skulestart.

Totalt sett er dette ein lang og farleg skuleveg, som vi ikkje er trygge for å sende ungane gåande eller syklande fram og tilbake kvar dag, til og frå skulen.

Vi ber instendig om at Austrheim kommune ein gong for alle syt for at alle borna som bur i direkte tilknytning til busstoppet i Bergsvik-krysset vert behandla på same måte, uavhenging av kva adresse dei har på huset. Vi veit at det har vore gjort unntak frå regelen om km-grense, og meiner at dette må gjelde for alle. Dei har den same farlege skulevegen alle! Vi meiner at alle borna i Bergsvik må vera trygge på veg til og frå skulen, og at dei må ha gratis skuleskyss. For at det skal vere forsvarleg å sende ungane gåande/syklande denne vegen, må det omfattande og kostbare trafikksikringstiltak til, som skildra over.

Med helsing

På vegne av foreldregruppa i Bergsvik/Lerøyvegen

*Veronica Y. Bergstrøm*  
Veronica Y. Bergstrøm  
Bergsvika 2  
5943 Austrheim